



Einar Inge Jonassen frå Teigen ved Husnes i arbeid ved vedmaskinen til AFA

**Vedproduksjonen går for fullt hos AFA, og dette året passerer produksjonen truleg 100 mål, Men neste år er målet det doble, altså 200 mål.**

**Problemet er å skaffa nok lagringsplass, men det innkjøpte arealet vil truleg løyse det.**



Tørkeprosessen går sin gang og i februar er denne veden truleg klar for sal.

- Vi vil helst produsera ved kvar dag, seier dagleg leiar Tor Vidar Sæle til uskedalen.no  
No produserer dei ved aom vart hogd sist haust og Sæle ser ikkje bort ifrå at han kan vera turr nok for sal i februar med det turre veret som ein har no. Men då må veden tilfredsstillast norsk standard, som skal vera under 20 prosent. Den turre veden som AFA hadde på lager vart seld ut allereie i september/oktober, vesentleg til faste kundar som ikkje minst er å finna på Husnes og i Uskedalen.

Fjellbjørk frå Tore Musland er framifrå ved som AFA har kjøpt. Seinhaustes er rette tida for felling av skog som skal bli til ved. Vedmaskinen går no for fullt og det er allereie kutta opp eit stort lager som ligg og ventar på at det skal bli turt nok.

Også i AFA tykkjer dei at det er vondt å seia nei til dei som spør om verksemda har ved til sals. Men neste år vil dei altså kunne seia ja til fleire.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen